

Askvoll kommune

FØRESEGNER

DETALJREGULERING FOR ATLØYSAMBANDET

Plan-ID: ~~14282019001~~ 46452019001

Vedteken av kommunestyret 10.07.2020, sak KOM 050/20

Ajourført i samband med planendring 8. august 2025 – utkast til høyring

§1 Reguleringsføremål

Området er regulert til følgjande føremål:

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, 1)

- Bygningar og anlegg (BA)
- Næringsbygg (BN)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, 2)

- Køyreveg (SKV)
- Fortau (SF)
- Gang-/sykkelveg (SGS)
- Annan veggrunn – teknisk anlegg (SVT)
- Annan veggrunn – grøntareal (SVG)
- Rasteplass (SR)
- Parkeringsplassar (SPP)
- Hamn (SHA)
- Kai (SK)
- Kombinerte formål for samferdsleanlegg og/eller tekniske infrastruturtrasear

Landbruk-, natur og friluftsføremål (PBL § 12-5, 5)

- LNF - areal for nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden (L)
- LNF - vern av kulturminne og kulturmiljø (LKM)

Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL § 12-5, 6)

- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V)
- Farleier (VF)
- Hamneområde i sjø (VHS)

Omsynssoner (PBL § 12-6)

- Sikringssone friskt (H140)
- Område for bandlegging i reguleringsplan: Bandlegging etter Lov om kulturminne (H730)

Føresegnområde (PBL § 12-7)

- ~~Vilkår for bruk av arealer, bygninger og anlegg~~

- Krav om nærare undersøkingar, overvaking og klargjering av verknader
- Mellombels bygge- og anleggsområde

§2 Felles føresegner

2.1 Automatisk freda kulturminne

Dersom funn, gjenstandar, konstruksjonar eller kulturminne vert oppdaga i samband med gravearbeid (mogleg freda kulturminne), må ein stanse arbeidet og varsle fylkeskommunen, jamfør Kulturminnelova § 8, 2. ledd.

Eventuell konsekvens for kulturminnet ID89181 (Sauesundet/B.Sj.5792b) må avklarast i byggeplanfasen. Eventuelle tiltak må godkjennast og med vilkår sett av rett antikvarisk mynde Bergens Sjøfartsmuseum.

2.2 Eksisterande steingardar

Eksisterande steingardar som ligg innanfor mellombels anleggsområde skal takast vare på så langt som råd. Det skal ikkje fjernast meir av steingardane enn naudsynt og det skal etablerast ny, fin avslutning på dei når anleggsarbeidet er over. Der det er mogleg skal steingardar tilbakeførast etter at anleggsperioden er avslutta.

2.3 Forureina grunn

Dersom det vert påvist forureina grunn i utbyggingsfasen, skal tiltakshavar utarbeide en tiltaksplan som skal godkjennast av Askvoll kommune før tiltaket gjennomførast jf. Forureiningsforskrifta kap. 2

2.4 Byggegrenser langs offentleg veg

Der byggegrenser ikkje er vist i plankartet, gjeld Veglova sine føresegner om byggegrenser mot veg.

2.5 Oppfølging i byggefasen

Før utbygging av veganlegget kan starte opp skal det liggje føre byggeplanar med utgangspunkt i planen sine B , C, F , O og K teikningar og i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker.

Detaljert plassering av landbrukstilkomst til gbnr. 30/3 og avkøyrse som er vist med avkøyrsepil i plankartet på Nordre Sauesundøyna, skal avklarast i byggeplanfasen.

2.65 Plan for Ytre Miljø (YM) og tiltaksplan marint miljø

YM-plan skal utarbeidast før konkurransegrunnlaget. Krav i YM-planen skal følgjast vidare i byggeplanfasen og ved utbygging. Ved utarbeiding av YM-plan og ved gjennomføring av veganlegget skal punkta som går fram av tabellen i planomtalen i kapittel 7.2 «Føringar for YM-plan» følgjast opp.

Støyande anleggsarbeid på Prestøyna må skje utanom hekketida frå 1. april til 30. juni.

Støyande anleggsarbeid i nærleiken av Askvika naturreservat bør ikkje skje vinterstid og i trekkperiodane haust og vår.

YM-planen skal vise korleis kulturminne og kulturmiljø skal handsamast i anleggsfasen. Dette gjeld både dei som skal bevarast og dei som vil bli gjenstand for søknad om fråvik med vilkår om utgraving før anleggsarbeidet kan starte.

Før tiltak i/over sjø i planområdet kan starte opp, krev det løyve etter Havne- og farvannsloven og tilhøyrande forskrifter av Kystverket. Dette gjeld mellom anna permanente og mellombelse tiltak

som fyllingar, sjødeponi, stenging/innskrenking av sjøareal, kaier, bru, kablar, røyr, leidningar, endring av navigasjon o.a.

Det skal søkjast om løyve til tiltak/utfylling i sjø i samsvar med forureiningsloven.

For å hindre unødig skade på miljø og særleg sårbar natur, skal beste tilgjengelege teknikkar nyttast for å unngå forureining og uheldig spreiding av finstoff.

Veglinje med fylling over Sauesundøyna må utbyggjast på ein så skånsam måte som mogleg, spesielt gjeld dette ved utfylling i strandsona. Det skal gjerast tiltak for å oppretthalde vassgjennomstrøyminga, og passasje for fisk og oter i sundet mellom nordre og søre Sauesundøyna.

Der veganlegg kryssar myrområde på Prestøy, skal den naturlege vassbalansen oppretthaldast og drenering unngåast så langt råd.

Veganlegg skal ikkje unødig endre tilhøva i naturlege drensssystem og grunnvasstand. Kulvertar og stikkrenner skal dimensjonast slik at dei tek høgde for framtidige endringar i flaumvassføring og utformast slik at dei ikkje hindrar fiskeoppgang eller endrar levevilkår for plante- og dyreliv unødig.

2.76 Vassførekomst

Det skal gjennomførast en vurdering av den økologiske og kjemiske tilstanden i vassførekomstane i forbindelse med utarbeiding av YM-plan. Ved ev. negative konsekvensar av veganlegget for vassførekomstane skal avbøtande tiltak sørge for at sjøen skal ha minst like god økologisk og kjemisk tilstand som det vurderingane viser.

2.87 Framande skadelege artar

Ved bygging av veganlegget skal framande skadelege artar takast hand om, i tråd med forskrift om fremmede organismer og SVV-rapport-387.

2.98 Jordmassar

Det skal ikkje tilførast organiske jordmassar til anlegget. Jordmassar innanfor planområdet skal mellomlagrast i nærleiken og innanfor riggområdet. Massane skal nyttast opp att i anlegget. Reine mineralske massar kan tilførast viss det er naudsynt. Landskapsarkitekt hjå byggherre skal vurdere plassering av desse undervegs i anleggsfasen.

2.109 Handsaming av matjordlag/topplag og revegetering

Det skal utarbeidast ein plan for handtering av jordressursar i anleggsfasen. Planen skal beskrive avtaking, lagring, flytting og tilbakeføring av jordmassane frå dyrka og dyrkbar mark.

Lett tilgjengeleg topplag/matjord som ikkje er infisert av framande, skadelege artar skal takast av og lagrast på ein slik måte at matjorda seinare kan nyttast som vekstmedium på skråningar eller dyrka mark. Matjorda skal nyttast som vekstmedium i eller nær planområdet i følgjande rekkefølge: 1. Dyrka mark til den stand den var før anleggsarbeidet starta, 2 Grøfter og 3 Skråningar. Sikta morenemasse nyttast i skråningar der ein ikkje har tilgang på reine matjord- eller topplagsmassar. Ved istandsetting av råka sideareal skal det nyttast ein saktevoksende grasblanding og det skal nyttast frø av norsk opphav.

I område med naturleg revegetering skal ein berre nytte lokale massar med frøbank (unntatt jord med framande skadelege artar) for istandsetting av sideareal og naturleg revegetering.

2.1110 Rigg- og marksikringsplan

Tiltakshavar skal sørge for at det ligg føre ein rigg- og marksikringsplan som gjev føringar for gjennomføring av anleggsarbeidet. Rigg- og marksikringsplan skal godkjennast av Statens vegvesen før anleggsstart. Rigg- og marksikringsplanen skal mellom anna gje føringar for følgjande tilhøve:

- Inngrepsgrenser rundt kulturminne, område og ferdselsårer for friluftsliv.
- Massehandtering, inkludert handtering og lagring av jordmassar som skal nyttast til revegetering i anlegget.
- Tiltak for å minimere risiko for spreiding av framande artar.
- Inngrepsgrensa for anleggsarbeidet skal fastsettast i rigg- og marksikringsplanen og merkast fysisk med alpingjerde i anleggsfasen.

2.12.11 Inngrep i eksisterande høgspenningslinje

Trong for varig og/eller mellombels omlegging av høgspenningsanlegg skal kartleggjast i samband med utarbeiding av byggjeplan. Eventuelle planar for omlegging skal utarbeidast i samarbeid med linjeeigar.

2.13.12 Anleggsperioden

Det må lagast plan for trafikktryggleik i anleggsperioden. Alle trafikantgrupper må sikrast eit sikkert vegnett til ei kvar tid, særleg er det viktig i området ved Atløy skule/bustadfelt i Sauesundet og ved tilknytning til eksisterande fylkesveg ved Grov, Leirvåg og Askvoll skule.

Mogelegheit for ferdsel og trafikktryggleik for gåande og syklande skal sikrast gjennom anleggsperioden på eksisterande vegar, ev. gjennom alternativ rute.

Alternative ruter for gåande og syklande skal vere trafikk sikre og tydelege gjennom heile anleggsperioden.

Ved dei anleggsområda som ikkje har ferdsel langs veg per i dag skal allmennheita haldast på trygg avstand frå anleggsarbeidet.

På Prestøyna bør man i anleggsperioden i størst mogleg grad unngå unødvendig drenering av myr.

Støy frå byggje- og anleggsverksemd knytt til Atløysambandet skal ligge under støygrenser fastsett i retningslinjer eller forskrift i medhald av forureiningslova, pt. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442.

2.14.13 Estetiske krav og involvering av landskapsarkitekt

Det må sikrast oppfølging i byggjefasen av landskapsarkitekt/kontrollingeniør ved muring, terrengforming og handtering av vegetasjon og jordmassar.

Materialbruk skal samsvare med dei fargar og material som finst i omgjevnadane. Rekkverk og anna utstyr bør ha same farge og passe godt saman.

Det må setjast høge estetiske krav ved muring og tilpassing av fyllingar og skjeringar til eksisterande terreng. Det skal særskilt takast omsyn til utforming der fyllingar og skjeringar ligg tett inntil bustader og fritidshus.

Det kan nyttast reine fjellskjeringar, mur av norsk naturstein eller betongmur. Synlege fjellskjeringar og skalkar må få god utforming, med jamne, avrunda flater utan utstikkande parti. Særleg sårbare delar av strekninga skal ha eigne teikningar utarbeidd av landskapsarkitekt som syner nye former på skjeringar og skalkar. Alle murar må sikrast god kvalitet med omsyn til form og farge, med prøvemur som vert godkjend av landskapsarkitekt.

Fyllingar skal ha ei utforming som integrerer dei mest mogleg i terrenget rundt. Landskapsarkitekt og kontrollingeniør skal kontrollere val av steinsort og storleik på stein tilpassa dei enkelte situasjonane. Det må sikrast ein detaljert landskapsplan for utforming av permanent situasjon ved riggområde. Om det vert endringar i utforming av bru skal landskapsarkitekt konfererast.

§ 3 Bygningar og anlegg

3.1 Bustader - B1 Sauesundet og B2 Askfjæra

Tillaten utnyttingsgrad er %BYA=20%.

Bygg skal ha form, farge og materialbruk som harmonerer med terrengform og byggjeskikk i området.

Maksimal tillatt mønehøgde er 8m.

Takvinkel skal vere mellom 27 og 45 gradar. Takform skal vere saltak eller valmtak.

3.2 Næringsbygg (BN 1 – 6)

Tillatt utnyttingsgrad er %BYA=20%.

Bygg skal ha form, farge og materialbruk som harmonerer med terrengform og byggjeskikk i området.

Området skal planerast på minimum kote 3.0 m.

Alle synlege fyllingar, skjeringar og nivåskilnader innanfor føremålsområdet og langs føremålsgrensene skal anten murast med stein eller betong, plastrast eller jordslåast.

Området skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med funksjon og med respekt for naturgejevne omgjevnader.

Støy frå bygge- og anleggsverksemd og aktivitet i området skal ligge under støygrenser fastsett i retningslinjer eller forskrift i medhald av forureiningslova, pt. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442.

Flomlys og anna lys skal skjermast, slik at lyset vert avgrensa til dei områda der det er trong for lys.

Støyande verksemd og anleggsarbeid innanfor området kan gå føre seg i tidsrommet kl. 07.00 – 23.00, men ikkje på laurdagar, søndagar eller heilagdagar.

3.3 Hamn (SHA)

Området skal planerast på minimum kote 3.0m.

Det er ikkje tillatt å føre opp bygningar innanfor området. Det kan likevel førast opp nettstasjon, dersom det er trong for det.

All utfylling i sjø skal skje med bestandig materiale, og avslutning skal utførast på ein god måte ut frå estetiske og funksjonelle omsyn, med etablering av mur, plastring eller kaiavslutting. Utforming og materiale skal dimensjonierast i høve til bølgepåverknad.

Alle synlege fyllingar, skjeringar og nivåskilnader innanfor føremålsområdet og langs føremålsgrensene skal anten murast med stein eller betong, plastrast eller jordslåast.

Området skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med funksjon og med respekt for naturgejevne omgjevnader.

Det er ikkje tillatt med sprenging, utfylling og deponering i gyteperioden til torsk og sild, som er i tidsperioden frå og med februar til og med april, og i hekkeperioden for fugl i perioden frå og med april til og med juni. Vidare må det iverksetjast tiltak for å unngå spreiding av oppkvervla fínsediment ved utfylling og bygging i sjø.

Støy frå byggje- og anleggsverksemd og aktivitet i området skal ligge under støygrenser fastsett i retningslinjer eller forskrift i medhald av forureiningslova, pt. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442.

Flomlys og anna lys skal skjermast, slik at lyset vert avgrensa til dei områda der det er trong for lys.

Støyande verksemd og anleggsarbeid innanfor området kan gå føre seg i tidsrommet kl. 07.00 – 23.00, men ikkje på laurdagar, søndagar eller heilagdagdar.

3.4 Kai (SK)

Ferdig kaihøgde kan liggje lågare enn kote 3.0m, dersom det er nødvendig av omsyn til bruken, og det vert dokumentert at kaia toler å stå under vatn ved høg vasstand, medrekna stormflo og bølgepåverknad.

Det er ikkje tillatt å føre opp bygningar innanfor området.

All utfylling i sjø skal skje med bestandig materiale, og avslutning skal utførast på ein god måte ut frå estetiske og funksjonelle omsyn, med etablering av mur, plastring eller kaiavslutting. Utforming og materiale skal dimensjonerast i høve til bølgepåverknad.

Det er ikkje tillatt med sprenging, utfylling og deponering i gyteperioden til torsk og sild, som er i tidsperioden frå og med februar til og med april, og i hekkeperioden for fugl i perioden frå og med april til og med juni. Vidare må det iverksetjast tiltak for å unngå spreiding av oppkvervla fínsediment ved utfylling og bygging i sjø.

Støy frå byggje- og anleggsverksemd og aktivitet i området skal ligge under støygrenser fastsett i retningslinjer eller forskrift i medhald av forureiningslova, pt. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442.

Flomlys og anna lys skal skjermast, slik at lyset vert avgrensa til dei områda der det er trong for lys.

Støyande verksemd og anleggsarbeid innanfor området kan gå føre seg i tidsrommet kl. 07.00 – 23.00, men ikkje på laurdagar, søndagar eller heilagdagdar.

§ 4 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

4.1 Fellesføresegn for samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

Anlegga skal utførast som vist i plankart og i tekniske teikningar datert 10.09.2019 som ligg som vedlegg til planomtalen.

Veganlegg innanfor planområdet skal planleggast og byggast i samsvar med krav i Statens vegvesen sine handbøker. Innanfor arealføremålet kan det etablerast konstruksjonar og nødvendige tekniske anlegg og installasjonar, i samsvar med gjeldande tekniske krav og Statens vegvesens handbøker. Alle anlegg skal ferdigstillast samstundes med resten av veganlegget.

Vegar skal opparbeidast i samsvar med breidde og kurvatur som vist på plankartet. Mindre avvik mellom underformål kan tillatast innanfor hovudformålet. Ny fylkesveg skal ha min. 6,5 m breidde.

Vegfyllingar på eid og strandsoner på øyene må utformast med stramme plastringar og ikkje som lause fyllingar med sprengstein. Høge vegfyllingar må vere så bratte som teknisk mogeleg.

Plassering av avkøyrslar vist med pil på plankartet er rettleiande, men talet på avkøyrslar og kva veg eigedomane skal ha avkøyrslar frå er bindande. Avkøyrslar skal oppfylle krav til sikt og andre krav til utforming gjeve av vegstyresmakt.

Bru over Sauesundet, vertikalnivå 3, skal ha ei seglingshøgde på min. 7,5 m og seglingsbreidde på min. 20 m. Seglingsløpet skal liggje mot austre del av brua, jf. teikning K100 i vedlegg 6.

Bru over Granesundet, vertikalnivå 3, skal ha ei seglingshøgde på min. 42 m og seglingsbreidde på min. 150 m. Seglingsløpet skal liggje mot austre del av brua, jf. teikning K200 i vedlegg 6.

Bru over Olssundet, vertikalnivå 3, skal ha ei seglingshøgde på min. 7,5 m og seglingsbreidde på min. 20 m. Seglingsløpet skal liggje mot austre del av brua, jf. teikning K300 i vedlegg 6.

4.2 Køyreveg (SKV)

Område markert med o_SKV skal vere offentleg veg. Offentleg køyreveg (vertikalnivå 2 og 3) skal opparbeidast i samsvar med plan- og profilteikningane (C-teikningane C001-007) i vedlegg til planomtalen. Offentleg køyreveg kan justerast i både horisontal- og vertikalkurvatur, men ikkje meir enn at ein for totalt inngrep for vegen held seg innafor grensene for Anna veggrunn – grøntareal.

SKV er avkøyrslar med annan eigarform.

4.3 Gang-/sykkelveg (SGS)

Gang-/sykkelvegane skal vere offentleg føremål, med vegbreidd på 3 meter.

4.4 Fortau (SF)

Fortau skal vere offentleg føremål. Breidda for nye fortau er 3 meter.

4.5 Annan veggrunn – teknisk anlegg (SVT)

Annan veggrunn – teknisk anlegg er offentleg og kan nyttast til naudsynte tekniske installasjonar og konstruksjonar som rekkverk, støyskjermer, murar, brufundament og liknande i samband med veganlegget.

4.6 Annan veggrunn – grøntareal (SVG)

Annan veggrunn - grøntareal er offentleg veggrunn som sikrar offentleg veg. Områda kan nyttast til skjeringar, fyllingar, rekkverk, murar, gjerder, plastring, grøfter og liknande i samband med veganlegget. Annan veggrunn kan i anleggsperioden nyttast til riggområde, mellombelse anleggsveggar og mellombels massedeponi.

Det er ikkje tillatt å gjere inngrep i desse areala som skadar eller endrar det offentlege vegarealet.

Mindre avvik i skråningsutslag innanfor "Annan veggrunn" kan skje som følge av uføresette tilhøve, som til dømes grunntilhøve eller manglar i kartgrunnlaget. Det kan føre til at areal som skal disponerast til vegformål vil fråvika noko frå det som går fram av formålsgrensene i planen. Areal som ikkje vert disponert til vegformål vil verte nytta til tilstøytande formål.

4.7 Offentleg parkering (SPA)

Område SPA skal nyttast til offentleg parkeringsplass på Sauesundøyna.

4.8 Rasteplass (SR)

Område SR skal nyttast til offentlig parkeringsplass og enkel rasteplass på Prestøyna. På rasteplassen skal det setjast opp informasjonsskilt om fugl med rettleiing om ferdsel i sårbare periodar. **Det skal leggjast til rette for maks 10 p-plasser.**

4.9 Kombinerte formål for samferdselsanlegg (SKF)

Plassering av bru over Sauesundet, jfr. §4.1, vist med føremåla o_SKV1, o_SGS1 og o_SVT, kan justerast innanfor arealføremål o_SKF1. Brua kan byggjast lengre enn vist med føremåla o_SKV1, o_SGS1 og o_SVT, men ikkje kortare.

Plassering av bru over Granesundet, jfr. §4.1, vist med føremåla o_SKV1, o_SGS1 og o_SVT, kan justerast innanfor arealføremål o_SKF2. Brua kan byggjast lengre enn vist med føremåla o_SKV1, o_SGS1 og o_SVT, men ikkje kortare.

Plassering av bru over Olssundet, jfr. §4.1, vist med føremåla o_SKV1, o_SGS1 og o_SVT, kan justerast innanfor arealføremål o_SKF3. Brua kan byggjast lengre enn vist med føremåla o_SKV1, o_SGS1 og o_SVT, men ikkje kortare.

§ 5 Landbruks-, natur og friluftsføremål (PBL § 12-5, 5)

5.1 LNF

Områda er regulert til landbruks-, natur- og friluftsområde. Det kan etablerast enkle turstiar innanfor området. Det kan etablerast turstiar på Prestøyna og Sauesundøyna tilknytt raste- og parkeringsplassar. Av omsyn til Lauvholmen naturreservat skal ein unngå å legge turstiar mot sør på Prestøy, eller på annan måte leie ferdselen i retning naturreservatet. O-teikningane er rettleiande for lokalisering av desse turstiane.

I samband med bygging av veganlegget er det tillatt å gjere inngrep på og nytte dei delane av LNF-områda som er regulert til mellombels anleggsområde, sjå planføresegn § 7.3.

Gjerde kan plasserast i desse areala.

5.2 LNF - vern av kulturminne og kulturmiljø (LKM)

Områda inneheld automatisk freda kulturminne. Føresegn for areala er gitt i avsnitt 6.2 *Område for bandlegging i reguleringsplan: Bandlegging etter Lov om kulturminne (H730)*.

§ 6 Omsynssoner (PBL § 12-6)

6.1 Sikringssone friskt (H140)

Innanfor dei viste frisktsonene og frisktlinjer skal vegetasjon ikkje hindre nødvendig sikt. Sikthindrande element kan maksimalt stikke 0,5 meter over vegdekket på tilstøytande veg. Enkeltstående lysmaster, skiltstolpar, tre og liknande er ikkje å oppfatte som sikthindrande.

6.2 Område for bandlegging i reguleringsplan: Bandlegging etter Lov om kulturminne (H730)

Områder markert med H730 og ID-nummer er automatisk freda kulturminne inklusiv vernesone rundt. Innanfor områda skal den naturlege vegetasjonen takast vare på og haldast ved like. Det er ikkje tillatt å setje i gong med graving eller andre tiltak som kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme verneområdet, eller framkalle fare

for at det kan skje. Eventuelle tiltak må godkjennast av riktig antikvarisk myndigheit ved Vestland fylkeskommune.

Dette gjeld kulturminne:

ID264202, ID264257, ID264250, ID265515, ID89181, ID55423 og ID66683

Det skal setjast opp sikringsgjerde rundt alle område markert med H730 i anleggsperioden.

Kulturminne i Sauesundet: Området inneheld automatisk freda kulturminne på sjøbotn (ID89181). Det er ikkje tillat å setje i gang med graving eller andre tiltak som kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme det freda kulturminnet og sitt verneområde, eller framkalle fare for at det kan skje, jfr. Kulturminneloven § 3. Eventuelle tiltak må godkjennast av riktig antikvarisk myndigheit Bergen Sjøfartsmuseum.

§ 7 Føresegnområde (PBL § 12-7)

7.1 Villkår for bruk av arealer, bygningar og anlegg (#3A og 3B)

Sprenging og utfylling i sjø kan ikkje utførast i tidsrommet frå og med februar til og med juni innafor området. Ein skal nytte seg av boblegardin ved sprenging, og siltgardin ved ev. utfyllingar i sjø og der det er risiko for opphvirvling og spreiding av partiklar, eller tilsvarande metodar.

7.21 Krav om nærare undersøkingar, overvaking og klargjering av verknader (#)

Før iverksetting av tiltak i tråd med planen, skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna ID270244, ID263584, ID263999, ID265519, ID263982, ID263542 og ID265522 som er merka som område for føresegn #4, #5, #6, #7, #8, #9 og #10 i plankartet.

Tiltakshavar skal ta kontakt med fylkeskommunen i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske utgravinga kan bli fastsett.

7.32 Mellombels anlegg- og riggområde bygge- og anleggsområde #1 - 2

Støy frå bygge- og anleggsverksemd knytt til Atløysambandet skal ligge under støygrenser fastsett i retningslinjer eller forskrift i medhald av forureiningslova, pt. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442. Tidsavgrensingar knytt til støyande verksemd i §3.2 siste ledd (næringsbygg BN), §3.3 siste ledd (hamn SHA) og §3.4 siste ledd (kai SK) gjeld ikkje for bygging av Atløysambandet.

#1 område på land

Mellombels bygge- og anleggsområde på land kan nyttast til all verksemd som er nødvendig for gjennomføring av veg- og brutiltaket, som f.eks. lagerplass, mellombelse bygningar (brakker), mellomlagring og permanent lagring av masser i samband med fyllingar og skjeringar, parkering av anleggsmaskiner, anleggsvegar, mellombels kaianlegg og terrengtilpassing av sideterreng.

Etter avslutta anlegg går arealet over til formål som vist i planen. Området skal ryddast og settast i stand til det føremål og den stand det var i før anleggsstart, innan eitt år etter at anlegget er ferdig.

#2 område i sjø

Mellombelse bygge- og anleggsområde i sjø kan nyttast til anleggsområde i samband med bygging av bruene, i det omfang som er nødvendig for arbeidet. Det skal utarbeidast ein tiltaksplan for dei mellombelse anleggsområda i sjø. Planen skal mellom anna vise omsyn til biologisk mangfald i sjø og forsvarleg handtering av fyllmasse.

Mellombelse bygge- og anleggsområde i sjø krev tillating etter havne- og farvannsloven før iverksetting kan skje.

Sprenging og utfylling i sjø kan ikkje utførast i tidsrommet frå og med februar til og med juni innafør området. Ein skal nytte seg av boblegardin ved sprenging, og siltgardin ved ev. utfyllingar i sjø og der det er risiko for opphvirvling og spreiiing av partiklar, eller tilsvarande metodar.

Det kan ikkje settast i gang tiltak før det er gjennomført marinarkeologisk registrering i dei sjøområda som potensielt kan bli berørt av tiltaket, og eventuelle automatisk freda kulturminne er frigjeve av kulturminnestyresmaktene.

Etter avslutta anleggsfase opphører dei mellombelse bygge- og anleggsområda og områda skal ryddast, setjast i stand og tilbakeførast til det føremål som er angitt i reguleringsplanen.

§ 8 Rekkefølgeføresegn

Plan for mellombels og permanent navigasjonsoppmerking skal utarbeidast og godkjennast i høve til hamne- og farvasslova før anleggsarbeid i sjø kan starte.

Nye navigasjonsinstallasjonar, samt farvanns-skilt, skal vere etablert, testa og innmålt før bruene kan takast i ordinær bruk.

Ferjetrasé skal leggjast til Granesund før bygging av bru over Olssundet startar opp.
